



## Klok på bok

# Forfattar om natta

Velkomen til fredag den trettande, kor mange uhell har du hatt? Er du frykteleig sint i dag, eller har du kontroll på det moderne sjeleliv? Sjølv er eg trøyt med eit hamrande hjarte. Skal eg ta ein kaffikopp og vakne, men få enda raskare puls? Eller halde fram som eg stemner? Akk, alle desse vala i livet.

Desse har i alle fall valt rett forfattar: Torleiv Kløve, Nils Ottesen, Marit Hulleberg og Ole Terje Arnegaard, Olav Holten, Kjellaug Handegard Brørs, Gunder Runde, Inger Anne Hammervoll, Gunnar Bæra, Marit Lindberg, Arne Thorvik, Eivind Hasle, John A. Nergaard, Eirik Holten,

Sigrid Haavik, Olav Molven, Eli Hegna, Rannveig Nordhagen, Eli Lunnan, Jon Grepstad, Liv Andresen, Anstein Lohndal, Marta Kløve Juuhl, Ida Magnhild Okkenhaug Haug, Ove Bjørkhaug, Asbjørg Apalset, Laura Killingbergtrø, Odd Johnsen, Tove Knutsen og Idar Lind og dei kvasse på Fana filial.

Anstein Lohndal: «Når var det romanar og skodespel fekk stemplet 'usedelig' og krav om forbod sett fram i avisene? Var det den gongen 'en skitten strøm fløt ut over landet', midt i 1930-åra? Både Sigurd Hoel, Rolf Stenersen, Karo Espeseth, Lars Berg og Sigrun Okkenhaug vart den gongen skulda for å skriva 'stygge' bøker, kom eg i hug. Då gjekk det lett å plukka ut Sigrun Okkenhaug (1889–1939), som i alt har gjeve ut tretten bøker, mesteparten for barn. Ho var frå Levanger og aktiv i mållag, fråhaldslag og medlem av fattigstyret i heimbygda i tillegg til å vera gardkone med ein stor ungeflokk.»

Her har vi ei som ættar frå forfattaren, Ida Magnhild Okkenhaug Haug: «Boka som sitatet er henta frå, er romanen *Den vene skåla*, skriven av oldemor mi, Sigrun Okkenhaug. Romanen har eg ståande i bokhylla. Dette er ein vaksenroman, men Sigrun Okkenhaug er kanskje mest kjend for barnebøkene, mellom andre *Helga*, som eg òg har. Eg vart fødd lenge etter at Sigrun døydde, men har bestandig blitt fortald at ho var ei sterk og modig dame som var gardkone, husmor og mamma på dagtid og forfattar om natta. Det var mest farmor Magnhild som fortalde meg om oldemor.» Ida er vinnar i dag.

Rannveig Nordhagen: «Eg har eit noko personleg høve til denne boka. Det har seg slik at hovudpersonen har same namn som eg, og ikkje nok med det, vi har òg same kjælenavn. Eg vert enno kalla for Vesla mellom vener eg har kjent lenge.

Boka stod i mor mi sin seksjon av bokhylla i heimen i min tidlege barndom. Sidan eg kunne lesa i svært ung alder, prøvde eg meg òg på denne boka, men kom berre gjennom dei første kapitla. Eg har alltid tenkt at eg skulle lesa boka i vaksen alder, og det fekk eg høve til no (nettutgåva). Eg forstår boka vekte oppsikt og harme, slik forfattaren tek for seg abortspørsmålet, barn utanfor ekteskap, sjukdom og død, tru og tvil. Dette ville eg nok ikkje forstått i så ung alder.»

### Klok på bok 1150

*Jeg havde været borte fra min by i nogle aar, strejft om over have og over verdensdele. Da jeg kom tilbage, søgte jeg kun én af mine gamle venner, Bredo Wiers.*

*Men min venn var ikke den samme, som da jeg reiste. Kjærligheden havde merket hans sind og bundet ham.*

*Sammen havde vi banket paa den dør, som førte ind til livet, og sammen havde vi overtraadt dens terskel. Og livet, det deilige, levende liv blev os en højsang af lys og glæde. Sammen havde vi tømt det første glas af den hvide, lysskjære vin, sammen havde vi aandet ind med hver en pore den liflige duft, der steg fra kjøbte kvinder.*

Ikkje småtteri, dette. Så er det òg skrivne av ein anarkist. Trass i eit kort liv rakk forfattaren å oppleva mykje, mellom anna fengsel og straffeopphald i Amerika. Utdraget er frå den einaste romanen av i alt tre bøker. Tittelen er eit kvinnenamn, men i dag tenkjer vi nok fyrst på ei gruppe som kjempar for sjølvstende (noko som kanskje passar bra for ein anarkist?). Send svar til klok@dagogtid.no, til og med 20. juni.

**DOKTER KJEVEBEN**